



Referat frå årsmøte 2013

Volda Ungdomsskule 27. februar 2014 – kl 19.00 – 19.40

Frammøtte: 26 medlemmar med stemmerett.

- 1. Opning, godkjenning, val av møteleiar og referent.**

Årsmøtet vart opna med eit minutt stillheit for å minnast dei medlemmane som var gått bort sidan førre årsmøte. Innkallinga og sakslista vart godkjent utan merknader. Herulf Brattli vart valt til møteleiar og Frode Opsvik vart valt til referent.
- 2. Årsmelding frå styret.**

Årsmeldinga for 2013 vart lesen av Frode Opsvik. Årsmøtet hadde ingen merknader til denne, og årsmeldinga vart godkjent.
- 3. Rekneskap for 2013.**

Jan Lidvar Vikestrand presenterte årsrekneskapen for 2013. Revisor Trond Lillebø har gått gjennom rekneskapen, og har ikkje kome med merknader til denne. Årsmøtet godkjende rekneskapen.
- 4. Budsjett for 2014.**

Jan Lidvar Vikestrand presenterte styret sitt framlegg til budsjett for 2014. Årsmøtet hadde ingen merknader til budsjettet.
- 5. Fastsetting av hamneavgift og pris pr breiddemeter for 2014.**

Framlegget frå styret er å halde hamneavgifta og breiddemeterprisen uendra for 2014. Altså: Hamneavgift kr 1500,- for medlemar med fast plass og kr 700,- for medlemar utan fast plass, og breiddemeterpris kr 17000,-
Framlegget vart vedteke samrøystes.
- 6. Innkomne saker**

Det var ingen innkomne saker.
- 7. Val**
 - A. Valnemnda sitt framlegg til styreleiar for 1 år, Herulf Brattli, vart vedteke samrøystes ved akklamasjon.
 - B. Valnemnda sitt framlegg til nye styremedlemmar for 2 år, Inge Innerdal og Jon Heltne, vart vedteke samrøystes ved akklamasjon.
Valnemnda sitt framlegg til ny varamedlem for 2 år, Øyvind Hagen, vart vedteke samrøystes ved akklamasjon.

- C. Valnemnda sitt framlegg til revisor, Trond Lillebø, vart vedteke samrøystes ved akklamasjon.
- D. Valnemnda sitt framlegg til nye vedlikehaldsnemnder er;
Vedlikehaldsnemnd Rotsethamna: Harald Skjeret, Arne Ullaland, Kåre Aasebø og Ottar Bjørneset.
Vedlikehaldsnemnd Sentrumshamna: Norvald Høydal, Eiliv Kvammen, Harald Rørvik og Jon Rønnestad.
Framlegget vart vedteke samrøystes ved akklamasjon.
- E. Valnemnda sitt framlegg til ny valnemnd, Jon Harald Sandblost, Egil Åslid og Bjørn Osdal vart vedteke samrøystes ved akklamasjon

Årsmøtet vart avslutta med matøkt og etter denne orienterte Harald Skjeret om oppgraderingsprosjektet i Rotsethamna og dugnadane som vil inngå i dette arbeidet.

Volda den 28. februar 2014

Frode Opsvik
-referent